

Innkalling til møte i vassområde Ytre Sogn – oppfølging av vedtak i vassregionutvalet.

Vassregionutvalet gjorde i møte på Skei 18. januar 2011 vedtak om å dele vassregion Sogn og Fjordane inn i vassområda Nordfjord, Sunnfjord, Ytre Sogn og Indre Sogn. Vassområde Ytre Sogn omfattar kommunane Balestrand, Gulen, Hyllestad, Høyanger, Solund og Vik. Høyanger kommune fekk ansvar for å kalle inn til første møte i vassområdeutvalet for Ytre Sogn innan 1. mars.

Med bakgrunn i dette blir det kalla inn til første møte i vassområde Ytre Sogn fredag den **11. februar kl. 10.00 på Høyanger rådhus**. På møte er det ynskjeleg at kommunane møter med politiske vald medlem, samt ein frå administrativ leiing i kommunen då organisering av det vidare arbeidet, finansiering av prosjektstilling og gjennomføring av tiltak vil vere tema.

Kommunar der mindre areal av kommunane ligg innanfor vassområde, men der kommunane ikkje er del av vassområdet Ytre Sogn er velkomne til å delta på møte. Det same gjeld relevante statlege sektormyndigheiter.

Saksdokument og referat frå møtet i vassregionutvalet er lagd ut på <http://vannportalen.no/sognogfjordane>. Her finn ein også anna relevant informasjon om arbeidet kring vassregion Sogn og Fjordane og dei ulike vassområda. Sjå også Sogn og Fjordane Fylkeskommune sine nettsider for meir informasjon - <http://www.sfj.no>.

Ber om tilbakemelding om kven som stiller. Ta gjerne kontakt om spørsmål.

Program for dagen 11.02.2011.

Tid			
10.00	Velkommen		
10.00 - 10.30	Fylkeskommunen som vassmyndigheit, vassforskrifta, organisering, oppgåver i 2011 og 2012	Merete Farstad	Fylkeskommunen/ vassregionmyndigheita.
10.30 – 10.40	Roller og forventningar til kommunane	Merete Farstad	Fylkeskommunen/ vassregionmyndigheita
10.40 – 11.10	Vurdering av tilstanden i alle vassdrag, fjorden og langs kysten – bidrag frå kommunane i 2011	John Anton Gladsø	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
11.10 -11.30	Demonstrasjon av databasane vassnett og vassmiljø.		Fylkesmannen/NVE
11.30 – 12.00	NVE sitt bidrag til karakterisering i 2011, konsesjonar og vilkårs revisjonar.	Siss May Edvardsen	NVE
Lunsj			
12.30 - 13.30	Kva er de viktigaste utfordringane i	10 min pr. kommune	Kommunane Balestrand, Høyanger,

	kommunane?		Gulen, Hyllestad, Solund, Vik.
10 min pause			
13.40 - 14.40	Organisering av vassområdet - Prosjektlear - Lokal referansegruppe - Etablering av faggrupper		
14.40 – 14.50	Prosjektplan for vassområde	Merete Farstad	Fylkeskommunen
14.30 – 15.00	Val av vertskommune		
15.00 – 15.30	Val av representantar i arbeidsutvalet til vassregionutvalet		

Med helsing

Synne Vefring
kommuneplanleggar